



KVEN LAGAR DEN BESTE ANNONSEN PÅ NYNORSK I 2013?

## STOR KONKURRANSE OM BESTE NYNORSKANNONSE

Stord mållag arbeider for aktiv bruk av nynorsk på alle plan i samfunnet.

Språk, identitet og sjølvkjensle heng nært saman, og media er førande for haldningar, òg når det gjeld skrift- og talemål.

Dei to siste åra har me lyst ut ein konkurranse om den beste annonsen med nynorsk tekst. Vinnaren av konkurransen i fjor var Restaurant- og kulturhuset Frugård. «Me freistar å bruka nynorsk heile tida i annonseringa – men det hender me skriv lørdag i staden for laurdag.....», sa Jan Frugård med ein smil under prisutdelinga i vår. Og når ein er så konsekvente med målbruk som Frugård er, får det vera tilgjeve!

Også dette året lyser me ut ein konkurranse om den beste annonsen på nynorsk.

Stord mållag har sett ned ei nemnd som gjennom konkurranseperioden vil vurdere gode annonsar, og til slutt kåra "Den beste nynorskannonsen 2013". Med i nemnda er Hans Martin Haavik, Steinar Hårde og Dag Eirik Eikeland.

Forutan heider og ære vil vinnaren verta tildelt ein fin premie – eit kunstverk med assosiasjonar til kommunikasjon. Dessutan vert det utmerkingar til dei er med i têtstriden!

Konkurranseperioden er frå 1. september til 31. desember. Så berre set i gang! Annonsenemnda i mållaget vil fylgja godt med, men for å vera sikker på at nett dykkar gode annonse ikkje vert oversett, vil me òg rå til at de sender kopi av annonsen til

**Stord mållag, c/o Dag Eirik Eikeland, Kviteluren 17, 5417 Stord ,**  
**eller på e-post til [nynorsk@sklbb.no](mailto:nynorsk@sklbb.no)**

Til hjelp i arbeidet legg me ved den veste brosjyra "Blest – nynorsk marknadsføringsspråk", utgjeven av Ulstein mållag.

Lukke til!

Med venleg helsing

**Stord mållag**

Ingrid Kannelønning Skorpen

Dag Eirik Eikeland